

Tysdag kveld var leiinga i skulemusikken i full aktivitet med å senda ut invitasjon til støttemedlemsskap. Då var dei den årlege runden i bygda og la invitasjonsbrev med innbetalingsblankett i postkassane

I brevet til bygdefolket skriv styret m.a.: - Uskedal skulemusikk går også i år ut og inviterer dykk til å teikna støttemedlemsskap. Støttemedlemsskapet medfører ingen forpliktelsar for dykk, men det er ei rein økonomisk støtte til korpset. Derfor har vi heller ikkje sett nokon fast kontingent, men vi foreslår at kvar einiskild kan bestemma sum etter eige ønskje og hjartelag.



Dei fortel vidare at det instrument og instruksjon som er dei største utgiftspostane i ei kostbar drift. Dessutan gjev dei ein kortfatta oversikt over aktiviteten og drifta i korpset.

- Vi håpar og trur at vi er eit godt og utviklande fritidstilbod for barn og unge i bygda vår. Vonar og vi er til glede for dei som høyrer på musikken vår ved ulike høve. Vi håpar mange av dykk støttar arbeidet vårt ved å teikna støttemedlemsskap, og takkar så mykje for det. Vi skal gjera vårt beste for å få noko ut av støtta! Elles vil vi og nytta høve til å takka for all støtte vi opplever i andre samanhengar!, kan vi lesa i avslutninga av brevet som er underteikna av styret som er samansett av Randi G. Zimmer, Magni Tråvik, Gerd Ingunn Bauge og Kari Anne Yri Halvorsen.

Kari Anne fortel at det kvart år er god oppslutnad om støttemedlemsskapet, og bygdefolket viser også på denne måten at dei set stor pris på skulemusikken.

– Veldig kjekt er det å sjå at nokre som er flytta ut frå bygda, gjerne tidlegare medlemmer, teiknar støttemedlemsskap.

Ho legg til at dersom det skulle vera nokon som ikkje har fått brevet i postkassen sin så er kontonummeret for innbetalinga 3460.30.48220.